

Delsvar ID	Innsender	Dato	Gruppe	Oppsummering av innspill	Svar
1-1	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	31.03.2022	Offentlige myndigheter	Konsekvensutgreiinga må tillegg til naturmangfald også omhandle verknad for vassdraget og landbruk/jordvern og friluftsliv. Minner om tiltakspyramiden. Aktuelt dersom til dømes myr- eller landbruksareal byggast ned. Konsekvensutgreiinga vil gi grunnlag for fastsetjing av avbøtande tiltak.	Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for naturmangfald, terrestrisk og akvatisk, og for klimagassutslipp. Friluftsliv og naturressursar vart konsekvensutgreia i forbindelse med kommunedelplana for fv.60, temaene er derfor utgreia i planomtalen, ikkje som eige KU-tema. Det er utarbeidd matjordplan for prosjektet. Avbøtande tiltak er fastsett i plankart og føresegner.
1-2				Natur- og miljøvern Det er gjort fleire registreringar av myr innanfor traséen og dette må få stor betydning i detaljplanlegginga. Konsekvensen som nedbygging av myr har på klimaet har fått auka merksemd siste år. Ber om at konsekvensutgreiinga omfattar ein rapport om kva ny vegtrasé vil bety for utslipp av klimagassar.	Det har vore stort fokus på å minimere inngrepet i myr mest mogleg ved planlegging av tiltaket og utarbeiding av reguleringsplanen. Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing for klimagassutslipp.
1-3				Planområdet må trekkast vekk frå Sætre naturreservat. Har hjemmel til å fremje motsegn dersom planen får uheldige konsekvensar for naturreservatet.	Planforslaget kjem ikkje i konflikt med naturreservatet.
1-4				Friluftsliv Ulike friluftslivinteresser for alle årstider må kome fram i konsekvensutgreiinga, både område og stiar, skiløyper m.v. og kva verknader prosjektet vil få på desse. Må ikkje øydelegge etablerte ferdselsårer, men legge til rette for lett tilkomst til etablerte utgangspunkt for turar samt tilstrekkeleg parkeringsareal.	Friluftsliv vart konsekvensutgreia i forbindelse med kommunedelplana for fv.60, temaet er derfor utgreia i planomtalen til reguleringsplanen, ikkje som eige KU-tema. Det er innarbeidd tiltak for friluftsliv i reguleringsplanen.
1-5				Vassdrag Det skal sikrast kantvegetasjon langs vassdrag i følgje vassressurslova §11- Reguleringsplanen må fastsette tilstrekkeleg breidde på kantsonene. Dersom reguleringsplanen legg opp til inngrep i kantsona, må konsekvensane utgreiast og det må sikrast at det setjast vilkår om eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane for vassdraget.	Kantvegetasjon er unngått i størst mulig grad, men det er ikkje alle plassar det er mogleg å unngå inngrep i kantvegetasjon. Konsekvensane er utgreidd og det er sikra føresegner om at kantvegetasjonen ikkje skal fjernast før arbeid i kantsona startar. Når arbeidet er fullført skal kantsona ha same jordsmonn og mektigheit som før inntrepet vart igangsett, og vegetasjonen skal reetablerast med naturleg revegetering.
1-6				Landbruk Traséen går delvis gjennom eit landbruksområde med dyrka jord. Det er eit sterkt fokus på jordvern og ein må i størst mogleg grad unngå nedbygging av dyrka og dyrkbar jord. Ein må også legge vekt på arrondering av jordbruksareal når veglinja detaljerast. Det må takast omsyn til beiteområde langs traséen. Der ein likevel ikkje kan unngå nedbygging av dyrka mark må ein ta vare på matjordlaget som skal nyttast til nydyrking. Dette må ivaretakast i føresegnene. Det må lagast ei plan for dette.	Det er utarbeidd matjordplan for tiltaket som er vedlagt reguleringsplanen. Dei viktigaste tiltaka frå matjordplana er fastsett i føresegnene til reguleringsplanen.
1-7				Massehandtering Gjenbruk av massar er viktig. Bruk og midlertidig lagring av massar bør ikkje kome i konflikt med viktig naturmangfald, vassdrag eller landskapsverdiar.	Massehandtering er ein vesentlig del av arbeidet med tiltaket og reguleringsplanen, og det er regulert løysingar for handtering av massane. Sjå planbeskrivelsen for nærmare forklaring av korleis massehandteringa er regulert og alternativ som har vore vurdert i planprosessen.

1-8				Samfunnstryggleik og klimatilpassing Det må gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone. Det skal også vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. ROS-analyse skal inkludere ei vurdering av kva effekter klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggast vekt på gode heilskapelege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som og kan medverke til auka kvalitet i uteområde.	Det er gjennomført ROS-analyse, analysa er vedlagt reguleringsplanen og nødvendige tiltak er innarbeidd i reguleringsplanen.
1-9				Støy Det må lagast ei detaljert støyutgreiing som skal gi tilstrekkeleg kunnskap om støysituasjonen og synleggjere behovet for tiltak mot støy. Denne skal danne grunnlag for hensiktsmessige reguleringsføresegner for planen. Mål å sikre at eksisterande støvfølsam busetnad ikkje får støynivå som er høgare enn grenseverdiane i T-1442. Ambisjon å sikre tilfredsstillande støyforhold på heile eigeodomen og fasaden, skjerming ved støykjelda bør difor vere eit prioritert avbøtande tiltak	Støy er vurdert i planarbeidet iht. T-1442/2021, sjå fagrapport støy. I reguleringsplanen er det sikra at det gjennomførast tiltak der støy overskrider grenseverdier.
1-10				Barn og unge Trafikktryggleik må vektleggast.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen. Det er lagt til rette for kollektivhaldeplassar og adkomst til dei.
2-1	Statens vegvesen	09.03.2022	Offentlige myndigheter	Føreset av Statens vegvesen sin normalar vert lagt til grunn for planlegginga og at føresegnene og dei føringane som ligg i kommunedelplanen vert følgd opp.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen.
2-2				Løysingar/tilrettelegging for mjuke trafikantar og tilrettelegging for kollektivreisande må vurderast. Trafikktryggleik og universell utforming må takast i vare.	Det er lagt til rette for kollektivhaldeplassar og adkomst til dei. Det er ikkje lagt til rette for mjuke trafikantar langs fylkesvegen.
2-3				Reguleringsplan for Raudemel industriområde vik frå kommunedelplanen ved at næringsarealet er konsentrert på ei side av fylkesvegen. Dette er ei betre løysing enn den tosidige i kommunedelplanen og SVV tilrår at denne løysinga vidareførast.	Innspelet omfattar del 1 og svarar ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
2-4				Delar av eksisterande vegnett må omklassifiserast når ny veg åpnar. Dette må vurderast og omtalast i planomtalen.	Innspelet er sikra i planomtalen.
3-1	Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE	29.06.2022	Offentlige myndigheter	Vassdragsmiljø Oppmodar om å vektlegge å redusere eller unngå alternativ med inngrep i vassdrag. Ber om at planbeskrivelsen og konsekvensutgreiinga er tydelig og konkret på om, og korleis planen/alternativet medfører inngrep i vassdrag. Må vurderes kva konsekvensar planen/alternativet får for allmenne interesser i vassdraget, feks. fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osv. Viktig å få fram moglege avbøtande tiltak.	Det er jobba med å unngå, og å gjere minst mogleg inngrep i vassdrag. Konsekvensane av tiltak i vassdrag er utgreidd, avbøtande tiltak er sikra i reguleringsplanen. Sjå fagrapport vassmiljø og naturmangfald i vatn, i tillegg til fagrapport naturmangfald på land.
3-2				Massedeponi Bør skildre kva alternativ for deponi av overskotsmassar som er aktuelle. Må fastsettest krav om at konsekvensar av deponi skal vurderast med omsyn til farar og vassdrag og vassdragsmiljø.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen.
3-3				Verna vassdrag Store delar av planområdet ligg innanfor nedslagsfeltet for Hornindalsvassdraget som er verna mot kraftutbygging. RPR for verna vassdrag skal leggast til grunn i planarbeidet. Gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m på sidene av desse. Må leggast opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane. Omsyn til vassdragsvern bør kome fram som ein del av konsekvensutgreiinga.	Det er vurdert at vernegrannlaget for Hornindalsvassdraget i liten grad endrast av ny fv. 60, i hovudsak på grunn av at ny veg i stor grad følgjer dagens trasé, som i liten grad verkar inn på vernegrannlaget. Sjå fagrapport vassmiljø og naturmangfald i vatn for meir informasjon.
3-4				Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Bør fastsette krav til kantvegetasjon langs vassdrag. Rår til å bruke arealbrukskategorien <i>bruk og vern av sjø og vassdrag</i> til å merke alle vatn, elvar og bekkar.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen.
3-5				Flaumvurderingar Inngrep i vassdrag og flaumsoner kan auke faren for flaum- og erosjon og falumdepande effekt. NVE rår til at det på eit tidleg tidspunkt, dvs. før val av trasé, får gjennomført flaumberekningar, kartlegg flaumfare, og synleggjer konsekvensar av inngrep. Flaumberekningane bør legge klimaframskrivne data til grunn.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen. Det er utarbeidd fagrapport hydrologi som er vedlagt reguleringsplanen. Nødvendige tiltak er innarbeidd i reguleringsplanen.

3-6				Utbygging av naturområde til harde overflater kan i verste fall auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar og må sjåast i sammenheng med flaum- og vassføringssituasjonen i bekkar og elver.	Innspelet tas til orientering.
3-7				Vurdering av skredfare må vere tema i planarbeidet.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen. Det er gjennomført skredfarevurderingar, fagrappport geoteknikk og ingeniørgeologi er vedlagt reguleringsplanen. Det er ikkje registrert skredfare som må sikrast i reguleringsplanen.
3-8				Kraftleidninga 66kv tomasgard - bø kryssar planområdet. Skal regulerast med omsynssone Bandlegging etter anna lovverk H740. Mindre kraftleidningsanlegg kan settast av som teknisk infrastruktur etter pbl.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen. Kraftleidninga 66kv Tomasgard - Bø sikrast i reguleringsplanen for del 1.
4-1	Mattilsynet	10.02.2022	Offentlige myndigheter	Viktig at det blir utarbeida fullverdig ROS-analyse.	Det er gjennomført ROS-analyse, analysa er vedlagt reguleringsplanen og nødvendige tiltak er innarbeidd i reguleringsplanen.
4-2				Private drikkevasskjelder og nedbørsfelt/tilsomsområde som kan kome i konflikt med utbygginga må kartleggast og sikrast. Drikkevatt må sikrast mot forureining. For å få ei heilheitleg handtering av vassforsyning, vassmiljø, avløp og overvatn bør det utarbeidast VA-plan tidleg i planfasen. Må vurdere kas framtidige klimaendringar kan påvirke drikkevassinteresser og grunnvatn.	Eksisterande, private drikkevassløysingar skal kartleggast og naudsynte, avbøtande tiltak skal ferdigstillast før anleggsarbeidet igangsettast. Dette er sikra i rekkefølgeføresegnene. I dokumentet Innspill til YM-plan er det forelått tiltak for å ivareta Horndøla og Hornindalsvatnet som reserverdrikkevasskjelde og drikkevasskjelde. I reguleringsføresegnene er det krav om at det skal utarbeidast ei fullstendig plan for ytre miljø før byggefasen. Dokumentet Innspill til YM-plan skal leggest til grunn for utarbeiding av YM-plana.
4-3				Viktig å unngå forureinande utslepp til vassdrag. Horndøla er definert som reservekjelde for Grodås Vassverk. Ein må unngå lokale miljøpåverknader frå anlegget. Må vurdere tiltak dersom sprengstein nyttast i og nært elva Horndøla.	I dokumentet Innspill til YM-plan er det forelått tiltak for å ivareta Horndøla og Hornindalsvatnet som reserverdrikkevasskjelde og drikkevasskjelde. I reguleringsføresegnene er det krav om at det skal utarbeidast ei fullstendig plan for ytre miljø før byggefasen. Dokumentet Innspill til YM-plan skal leggest til grunn for utarbeiding av YM-plana.
4-4				Det er viktig med ei god handtering av viltkryssingar og at ein kan klare å oppretthalde mest mogleg eksisterande trekkruiter for vilt.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen. Vegfyllingar og bruer er tilpassa sånn at dei ikkje vil utgjere ei barriere og hindre ferdsel for vilt. Sjå fagrappport naturmangfald for meir infomrasjon om vilt og vurderingar knytt til viltkryssingar.
4-5				Må vere merksam på spreininga av planteskadegjerarar og ugras ved flytting av jord. Plikt til å innhente status for planteskadegjerarar og ugraset floghavre, og gjennomføre tiltak.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen.
4-6				Mattilsynet forventar at det vert stilt krav til konsekvensutgreiing for denne reguleringsplanen og at det blir gjennomført ROS-analyse for tema drikkevatt/vassforsyningssystem, plantehelse og beiteområde. Det er viktig at eventuelle konflikter med beiteområde, plantehelse og drikkevatt - interesser vert kartlagt tidleg i prosessen. Nødvendige avbøtande tiltak må gjennomførast før vegarbeidet tek til.	Det vart utarbeidd konsekvensutgreiing i forbindelse med kommunedelplana for fv.60. Det er derfor vurdert at konsekvensutgreiing for naturmangfald (terrestrisk og akvatisk) og klimagassutslepp er tilstrekkelig for reguleringsplanen. Det er utarbeidd ROS-analyse for reguleringsplanen. Avbøtande tiltak er fastsett i føresegnene.

5-1	Ørsta kommune - landbrukskontoret	23.03.2022	Offentlige myndigheter	<p>Hornindal har 60 aktive landbruksforetak der drifta er basert på arealressursane til ein eller fleire landbrukseigedommar. Det er underskot på før, noko som gjer at ein er avhengig av jordleige og kjøp av grovfor frå nabobygdene. Etter det ein kan sjå vil veganlegget gå ut over areal som 11 av foretakene driv. For landbruket og driftsvikåra i næringa vil vegføringa ha stor innverknad.</p> <p>Eit grovt overslag syner at veglina om lag 14 stader vil skjere over dyrka jord og 4 stader gjennom innmarksbeite. Det er ønskeleg at det vert gjort justeringar slik at vegen vert lagt langs kantane eller helst utanfor dyrka jord så langt det er mogleg. Mindre avskorne areal vert vanskelege å drive og vil lett gå ut av bruk. Det gjer at tapet av jord vert større enn det som vert nedbygd. Mindre justeringar for å minske tapet av dyrka jord kan til dømes vurderast for strekningane mellom pel 700-900, 5000-5500, og 6700-7025.</p>	<p>I arbeidet med tiltaket og reguleringsplanen er det lagt vekt på å bevare så mykje landbruksjord som mogleg. Det er utarbeidd matjordplan som er vedlagt reguleringsplanen for å få ei hensiktsmessig ivaretaking av landbruksjord.</p> <p>Strekninga Raftevollen - Røyrhus startar på ca pel 6950, strekninga det visast til er derfor for det meste i del 1 og fokuset på ivaretaking av dyrka mark blir minst like viktig i arbeidet med neste reguleringsplan.</p>
5-2				<p>Oppmodar om å sjå på avbøtande tiltak som:</p> <p>Sikre tilgjenge til areala</p> <p>Undergangar/kulvertar for beitedyr og utstyr</p> <p>Bruk av overskotsmassar og tilby desse til grunneigarar som vil nydyrke eller planere</p>	Innspelet er sikra i reguleringsplanen.
6-1	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	29.03.2022	Offentlige myndigheter	<p>Det er registrert fleire grusressursar innanfor det varsla planområdet. Løvoll - Tomasgard, Tomasgard, Seljeset, Haugen, Raftevold og Orremyra. Hinder garden grensar til planlagt trase (<i>lenker til informasjon om ressursane i brevet</i>). DMF anbefalar å søkje å nytte ut desse grusressursane mest mogleg før dei eventuelt blir bandlagt i arbeidet med den nye vegen. Det er også ein fordel om grusressursane blir nytta direkte i vegtiltaket. Dersom planen legg opp til ny arealbruk som går ut over avsett areal i kommunedelplanen er det DMF si vurdering at påverknad på førekomstane og framtidig uttak av desse må utgreiast i det vidare planarbeidet.</p>	<p>Grusressursane har blitt vurdert nytta i planarbeidet, men fleire av dei er registrert på område med dyrka mark, naturverdiar eller andre hensyn, og er ikkje sett på som aktuell å nytte.</p> <p>Arealbruken følgjer det som er avsett og utgreia i kommunedelplanen.</p>
6-2				<p>DMF meiner det er positivt om ein søkjer å nytte massar frå andre prosjekt i nærleiken. Bättre ressursutnytting, bruk av restmaterialar og gjenvinning definert viktig for ei berekraftig utvikling. Det ligg ein miljøgevinst i å unngå at overskotsmassar frå bygge – og anleggsprosjekt går til unaudsynt deponering der desse kan brukast til samfunnsnyttige føremål. Kort avstand mellom utbyggingsområde og ressursar er viktig sett i eit berekraftperspektiv, då store delar av utslipp i samband med masseuttak skjer gjennom transport.</p>	Innspelet tas til orientering.
6-3				<p>Det er viktig at område for masseuttak vert regulert, der det blir lagt vekt på langsiktige løysingar og utgreingar av konsekvensar for miljø og samfunn i tråd med plan og bygningslova. DMF tilrår derfor at masseuttak vert regulert og at området som det skal takast massar ut frå blir regulert til arealføremålet råstoffutvinning.</p>	Område for masseuttak er ikkje regulert.
6-4				<p>høyringa til tiltaket:</p> <p>Område for uttak av massar</p> <p>Type avsetning og bergart som skal takast ut</p> <p>Geologiske strukturar der dette er relevant for utforming av uttaksområdet</p> <p>Estimert total volum innafor reguleringsplanen og antatt årleg uttak</p> <p>Kvalitet og kvalitetsvariasjonar</p> <p>Bruksområde og marknad på kort og lang sikt</p>	Område for masseuttak er ikkje regulert.
6-5				<p>Drift, sikring og avslutning av masseuttak blir regulert av minerallova med forskrifter og gjennom eventuelle vilkår sett av DMF. Driftsplan for masseuttaket skal godkjennast av DMF.</p>	Område for masseuttak er ikkje regulert.
6-6				<p>Arealavklaringa for masseuttaket blir fastsett i reguleringsplanen og gjennom føresegnene kan det mellom anna settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk.</p>	Område for masseuttak er ikkje regulert.
6-7				<p>Reguleringsføresegner bør ikkje bli gjevne på ein slik måte at dei bind opp drifta og avslutninga av masseuttaket.</p>	Område for masseuttak er ikkje regulert.
6-8				<p>For eit samla uttak over 500 m³ gjeld meldeplikt til DMF. Samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse, samt eitkvart uttak av naturstein krev konsesjon før drift kan starte.</p>	Innspelet tas til orientering.
6-9				<p>DMF rår til at forholdet til minerallova blir tatt inn i reguleringsføresegnene på følgjande eller liknande måte: « Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. DMF er myndigheit etter lova ».</p>	<p>Område for masseuttak er ikkje regulert.</p> <p>Det vurderast derfor ikkje som nødvendig å fastsette det i føresegnene.</p>
6-10				<p>Det er viktig at det i reguleringsplanen blir sett av nok areal til sikringstiltak og for tilsyn og vedlikehald av desse.</p>	Innspelet er sikra i reguleringsplanen.

6-11				DIVIF tar til at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegn til arealet for rasjonutvinning på følgende eller tilsvarende måte: Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til arealbruk (LNF). Det er viktig at kommunen og utbygger vurderer korleis området skal utformast etter drift og kva føremål området skal tilbakeførast til.	Område for masseuttak er ikkje regulert.
7-1	Naturvernforbundet i Ørsta og Volda	17.01.2025	Lag/organisasjon/forening	Reknar med at det blir gjort ei grundig konsekvensutgreiing slik lovverket krev. Gjort store endringer innfor nasjonale føringar, naturverdiar, biologisk mangfald, dyrkamark og kulturminne sidan det første vedtaket om ny veg vart gjort i 2013.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for naturmangfald, terrestrisk og akvatisk, og for klimagassutslepp. Andre tema vart konsekvensutgreia i forbindelse med kommunedelplana for fv.60.
7-2				Dersom vegen vert bygd på sørsida av dalen, vil det vere eit typisk døme på prosjekt med store naturinngrep for å bygge infrastruktur.	Innspelet tas til orientering.
7-3				Når saka om planlegging og verdiopptimalisering av fv. 60 vart drøfta og vedteken i 2023 valte fylkestinget i Møre og Romsdal eit anna trasealternativ enn det som var foreslått i innstillinga frå fylkeskommunedirektøren. Det var basert på den klare tilrådinga frå Rambøll sin verdiopptimaliseringsrapport om å greit ut eit alternativ med meir gjenbruk av eksisterande veglinje. Etter vårt syn gjorde fylkestinget her eit vedtak som er i strid både med eiga bestilling då saken kom på fylkespolitisk dagsorden i 2021, og ikkje minst med nasjonale og internasjonale føringar om å unngå nedbygging av sårbar natur.	Innspelet tas til orientering.
7-4				Da Samferdselsutvalget i fylket i 2021 vedtok å starte arbeidet med reguleringsplanen var hovudmålet selvsagt at ny veg skal bidra til betre trafiktryggleik, betre framkomme og reduserte vedlikehaldskostnader på strekninga Tomasgard - Røyhus bru. Men tydelege formuleringar om jordvern var også med frå starten (sitat lagt inn i merknaden).	Innspelet tas til orientering.
7-5				Verdiopptimalisering av prosjektet fra 2023 er fagleg grundig med oppdaterte normer og reguleringar. Etter vedtaket er det også dokumentert at det på sørsida av dalen er store område av naturskog, i tillegg til dyrkamark og myr. Fylkestinget lytta ikkje til konklusjonane i rapporten eller til eigen administrasjon, men heldt fast på vedtatt alternativ fra 2013 på sørsida av dalen. Alternativet er det klart dyraste og vil kreve om lag ti gongar så mykje nytt vegareal enn tilrådd alternativ. Ynsket om å få vegen bort frå busetnaden, maksimal vegstandard og ev. andre samfunnsmessige omsyn vart vurdert som tyngre enn det samla tapet av dyrkamark og andre naturverdiar. Det tilrådde gjenbruksalternativet vil gi mulighet for å spare rundt 200 mill kr i investeringskostnader samanlikna med å bygge ny veg, i tillegg til sparte kotnader til vedlikehald og omklassifisering. Skilnaden i køyretid på alternativa er berekna til 1,5 min.	Innspelet tas til orientering.
7-6				Ser med stor uro på dei siste åras nedbygging av dyrkamark, skog, myr og anna verdfull natur for å etablere næringsområde, industri, bustader, hyttefelt og vegar, og kjem til å følgje dette prosjektet tett vidare. Spent på kva som blir registrert. Kanskje kjem det fram moment i kartlegginga som utfordrar grunnlaget for valg av veglinje?	Innspelet tas til orientering.
7-7				Samde om at det trengs ny fv. 60 gjennom Hornindal. Politikanane har god tid og høve til å byte side - frå sørsida av dalen til nordsida.	Innspelet tas til orientering.
8-1	Mørenett	16.02.2022	Lag/organisasjon/forening	tek varsel om oppstart planarbeid til informasjon. Ber om at IVRFK tek kontakt med Mørenett når arbeidet med planen tek til. <i>Mørenett er endra til Linja etter varsel om oppstart. Kontaktperson i Linja er: Jan Roger Moe, jan.moe@linja.no</i>	Innspelet tas til orientering.
9-1	Sunnylven idrettslag	29.03.2022	Lag/organisasjon/forening	Viktig at det vert lagt til rette for å nytte saman viktige turområde. Ber om å bli tatt med på råd når planane for vegen skal utarbeidast.	Innspelet tas til orientering.
9-2				Det er skiljøype i grensa i Hornindal til Hornindal bru, derne bør forlengast til sluttvegget i Hyttenoa. Då må det leggjast til rette for kryssing av fv. 60 og kryssing ved Røyhus bru. Det bør leggjast til rette for trygg ferdsl for syklistar/fotgjengarar og skigåarar. Kan tenke seg at den Trondhjemske postveg vert nytta på delar av strekninga.	Dette er ikkje ein del av reguleringsplanen.
9-3				Området rundt kommunegrensa mellom Stranda og Volda er eit attraktivt område for skiturisme. Det bør planleggast parkeringsareal i området.	Innspelet er sikra i reguleringsplanen.
9-4				Fv. 60 frå Stryn til Sykkylven er Designvegen, der trafikk skal kombinast med opplevelser, attraksjoner, norsk design og storslått natur. Fleire område er registrert som regionalt og lokalt viktige friluftsområde. Viktig at den nye vegen til bidra til betre tilhøve for syklande, gåande og skiløparar. Kan bli del av regionalt sykkelrutenett.	Gang- og sykkelveg langs fylkesvegen er ikkje ein del av reguleringsplanen.

10-1	Hornindal grendeutval	29.03.2022	Lag/organisasjon/forening	Ber om at tunneløysing på fv. 664 mellom Otterdal og Grodås vert vurdert for trygg veg. Massar frå dette kan brukast som fyllmasse til ny fv.60.	Innspelet tas til orientering.
10-2				Ber MRFK om å vurdere undergang i området Honndøla bru for å kople saman turistinformasjon med campingplassen.	Dette er ikkje ein del av reguleringsplanen.
10-3				Ber om at planprosessen vidare har ein open og god dialog med dei involverte grunneigarane og at framdrifta i planarbeidet blir god	Innspelet tas til orientering.
11-1	Tomasgard grunneigarlag	29.03.2022	Lag/organisasjon/forening	Delar av området er i bruk som beite og desse interessene må ivaretakast mellom anna ved etableringa av undergangar. Det er sterkt ønskeleg med nedsett fartsgrense til 60 km/t.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
11-2				Ønskjer fortsatt god tilkomst til skogsteigane og lunneplassar, samt til Sagelva Vassbruksområde.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
11-3				Er negative til skissert løysing ved Tomasgard/Storebrua. Meiner mykje kan løysast med nedsett fartsgrense, det er stor landbrukstrafikk over Storebrua og det er ikkje ønskeleg med lange omvegar for landbruksinteressene.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
12-1	Lars Vegar Brendefur. Gbnr. 193/2	28.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	Meiner det blir tungvint for landbruksinteresser og fastbuande at det er lagt opp til traktorveg/gangveg mellom Brendefur og Seljeset. Fastbuande burde ha rett til å bruke denne vegen fullt ut for tilkomst til eigen eigedom.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
13-1	Margrethe Hage Brendefur. Gbnr. 193/3		Grunneier/privatperson/næringsliv	Eigedomen er dratt over til sonen. Korrespondanse må derfor gå til han.	Innspelet tas til orientering.
14-1	Andreas Standal Eikrem. Gbnr. 194/4		Grunneier/privatperson/næringsliv	Ser helst at ein i planleggingsprosessen søkjer å unngå at dyrka mark går tapt frå eigendomen. Dersom tap av dyrkamark ikkje er mogleg å unngå er det interesse for tilleggsareal.	Dette er ivareteke i matjordplana som følgjer reguleringsplanen. Tiltaket fører ikkje til permanent beslag av matjord for eigedom gbnr. 194/4.
14-2				Det er viktig å skilje mellom mjuke trafikantar og biltrafikken, t.d. ved hjelp av gang-/sykkelareal.	Gang- og sykkelveg langs fylkesvegen er ikkje ein del av reguleringsplanen.
14-3				Det må sytast for samordning mellom kabeletatar slik at ein kan leggje straum og til dømes fiber langs vegtraseen.	Innspelet tas til orientering.
15-1	Åsmund Seljeset og Guro Sterud Stutlien. Gbnr. 200/4		Grunneier/privatperson/næringsliv	Positiv til foreløpig trase som er lagt opp og presentert på folkemøtet. Reknar med trase 5 er et tilbakelagt kapittel. Den ville fått store negative konsekvenser for grunneigar.	Innspelet tas til orientering.
15-2				Det er viktig å få ei god løysing for landbrukstrafikk og trafikk elles frå Seljeset ved kryssing av Storelva på begge sider, samt fartsreducerande tiltak på sambindingsvegen gjennom tuna på Seljeset.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
16-1	Edgar og Nora Flo. Gbnr. 201/1, 201/5		Grunneier/privatperson/næringsliv	Planlagt trase vil gjere store innhogg i gardstunet, samt i dyrka areal på garden. Teig 201/1 vert delt i to. Det samme skjer med innmarskbeitet til naboen 201/4. Dei ønskjer primært at linevalet vert trekt så langt mot sør som mogleg.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
16-2				I tillegg må følgjande avklarast: Undergang for tilkomst til utmark Problematiske vegkryss kommunal veg/ny fv60 Tilkost til dyrkamark Avkøyrse/kryss gnr. 201 bnr. 5 både innmark og utmark Støyskjerming Gjerdehald	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
17-1	Ola Sætren og Stine Hole. Gbnr. 202/1		Grunneier/privatperson/næringsliv	Dersom ny fv. 60 vert lagt i noverande trasé for fv. 5830 vil tilhøva for garden verte forverra i høve til i dag – meir støy, problem med tilkomstveg både til tun, dyrkamark og sagbruk. Born kryssar vegen til skulebussen. Det kan fort bli ekstra nedbygging av dyrkamark, dersom ein vil bygge seg ut av desse problema.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.

17-2				Alternativ trasé nord for saga kan være mest framtidretta og kan spare både dyrkamark og næringsareal i dette området, samt at ein unngår nærføring til gardstun og kan lage tryggare tilkomst til tun og sag.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
17-3				Driftsavkøyrslar, samt lunneplassar må leggjast inn i planen, det same gjeld utfartsparkering.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
17-4				Kan stille området vest for den gamle saga, mellom noverande fylkesveg og grova, til disposisjon i anleggsfasen, føreset da at det vert oppretta jordbruksareal ved nydyrking etterpå.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
18-1	Lindis og Tor Åge Torheim. Gbnr. 203/1		Grunneier/privatperson/næringsliv	Fv. 60 kryss ved Storebrua på Tomasgard Er negativ til tidlegare skisserte løysingar på krysset ved Storebrua på Tomasgard. Ønskjer redusert fartsgrense til 60 km/t. Det må også leggjast til rette for mjuke trafikantar med kollektivhaldeplass. Logistikken i høve til landbruksdrifta i området må vere gjennomtenkt.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
18-2				Det er ei vasspumpe i drift med tilhøyrande røyrgate i området ved dammen på austsida av Storebrua. Det må bli sikre tilkomst til denne frå fv. 60.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
18-3				Når det gjeld beitedyr og skogsdrift i utmark vert det synt til felles uttale frå grunneigarane på Tomasgard.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
19-1	Randi Tomasgård. Gbnr. 203/12			Syner til innspel frå 2014 og melder om at dei ønskjer avkøyrsløse ved den gamle saga til hytte i Tomasgardsvegen 8.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
20-1	Ola Hove. Gbnr. 214/1			Har massetak ved Kjøse bru med muligheter for å ta ut sprengstein. Har også deponiplass for mottak av masse.	Innspelet tas til orientering.
21-1	Inge Røyarhus. Gbnr. 79/1 Stranda			Er grunneigar ved krysset mellom fv. 60 og den kommunale vegen Røyarhusvegen. Han innspel: Ei busslomme med leskur på kvar side av fv. 60. Trafikksikkert kryss for Røyarhusvegen/fv. 60. Gang-/sykkelveg langs fv. 60 i samband med den nye traséen.	Buslomme på kvar side av fylkesvegen og trafikksikkert kryss er sikra i reguleringsplanen. Gang- og sykkelveg langs fylkesvegen er ikkje ein del av reguleringsplana.
22-1	Haugen Maskin			Eig eit steinbrudd i Otterdalsstranda, gbnr 178/77. Har ikkje konsesjon på meir areal, men det er massar av god kvalitet.	Innspelet tas til orientering.
23-1	Jolisa Veldwijk			Har spørsmål til planene for den nye vegen.	Innspelet tas til orientering.
24-1	Kjell S. Røyarhus			Har eit område det kan takast ut fjell, på Røyarhus, ca. en kilometer opp frå Røyarhus bru. Enkel tilgang, men området er ikkje regulert.	Innspelet tas til orientering.
25-1	Torill og Erling Brendefur			Ønskjer møte på staden for å diskutere tilrettelegging med omsyn på støy, vegskjering, visuelt inntrykk, landbruksdrift og viltkryssing.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
26-1	Trude Tomasgård			Har hytte tilknytta Tomasgård og må ha fortsatt avkøyrsmoglegheit når den nye vegen kjem. Kan med fordel leggjast på samme stad som avkjøring til saga som ligg ved elva. Tomasgård – Gausemel	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
27-1	Siri Gausemel. Gbnr. 182/4, 10, 12	29.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	I vestre del av planområdet er det viktig å sikre at det vert lagt til rette for ei god løysing for trafikkavvikling over elva og til nordsida av dalen både for gåande og køyrande. Det må vurderast om kryssing av elva burde gjerast litt lenger aust, med ny bru og alternativ tilknytning til dagens fv. 60. Som eit minimum bør framlegget syne ei løysing som tilfredsstillar N100 heilt opp til fv. 5830. Tilfredsstillande skuleveg på dette partiet, eller utover langs fv. 5830 er ein føresetnad for vidare utvikling i området Gausemel – Haugen – Hjellbakk – Fannemel	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.

27-2				Kulturmiljøet langs elva innanfor vedlagte kartutsnitt er særprega og verdifullt, med kvernhus, vadmelsstampe og restar etter kraftverk. Det er viktig å unngå terrenginngrep som uroar inntrykket langs elva for store deler av strekninga. Det er også gjort biologiske registreringar som tilseier at også naturverdien er relativt høg.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
27-3				Strekninga er mykje brukt til bading og andre elveaktivitetar, tilkomst må ikkje hindrast og heller oppgraderast med parkering.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
27-4				Tap av matjord må avgrensast så langt råd og areal som går ut av bruk som vegføremål må tilbakeførast til rasjonell drift.	Dette er ivareteke i matjordplana som følgjer reguleringsplanen.
27-5				Støy må utredast og takast omsyn til ved utforming av veg og terreng.	Støy er vurdert i planarbeidet iht. T-1442/2021, sjå fagrappport støy. I reguleringsplanen er det sikra at det gjennomførast tiltak der støy overskrider grenseverdiar.
28-1	Håkon Sverre Raftevold. Gbnr. 195/3	30.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	Planlagt veglinje vil dele eigendomen. Mjuka trafikantar, landbruksmaskiner samt vilt som er i området vil måtte krysse vegen. Ønsker difor at vegen blir lagt i røyr/miljøtunnel forbi huset. Legg ved kart som syner kor det er behov for avkjørsler. Han gjer også merksam på ein gamal køyrevog som må oppretthaldast fordi den gir moglegheit til å køyre heilt ned til Horndøla.	Ny veg er planlagt i same trase som dagens veg over eigedomen, ikkje mellom bygningane og elva sånn det er teikna på kartet. Avkjørsler er sikra i reguleringsplanen.
29-1	Linda Kristin Tomasgård og Tom-Øyvind Solheim, Lars Andreas Tomasgård og Brit Lødemel Tomasgård. Gbnr. 203/7, 203/10	29.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	Skeptiske til den skisserte kryssløysinga og vegføringa forbi eigendomen deira på Tomasgard. Dei ønsker minst mogleg inngrep på eigendomen og også å behalde mest mogleg av beitearealet. Ønsker vegen så langt ned mot elva som mogleg for å unngå at beitet vert delt og at ein derfor ikkje kan nytte arealet på nedsida av vegen.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
29-2				Når veglina kjem så nær tunet vil både støytilløva, miljø og livskvalitet verte forringa. Ein eventuell støyskjerming vil reise med utsikta og er ei dårleg løysing. Ønsker ny kartlegging av framtidig støy.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
29-3				Konsekvensane for landbruksdrifta vil vere alvorlege når veglina både deler opp eigedomen og kjem så nær tun og dyrka/beitemark at drifta vert vanskeleggjort.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
29-4				Det er planar om utviding av driftsbygninga og dei føreset at ein slik søknad ikkje vert hindra av denne reguleringsplanen. Har direktesalg av grønnsaker knytt til vegen og vil ha mulighet for å drive med det i framtida.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
29-5				Legg fram forslag til kryssløysing og vegføring som går ut på følgjande: «Vegline i same høgd som no, trafikk frå Storebrua kjem inn på den nye vegen i plan. Gangveg frå brua langsmed nyevegen, og gangfelt (ev. med lysregulering) ved nytt kryss til fv. 726 (no 5830). Dette kan gjennomførast ved å klassifisere ned vegen på strekninga, med fartsgrense 60 km/t. Denne løysinga tek og omsyn til av – og påstigning til buss.»	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
30-1	Pål Ruben Tomasgard. Gbnr. 203/4	30.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	Ønsker at traséen blir flytt lenger nord, og legg ved skisse som syner forslaget. Då unngår ein nærføring med den nye vegen, betre arrondering på dyrkamarka og minskar talet på driftsvegar som må krysse fylkesvegen.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
30-2				Gardsbruket må ha tilgang til Sagelva Vassbruksområde og tapt dyrkamark må erstattast av ny dyrkamark.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
31-1	Rolf Taraldset. Gbnr. 201/6	29.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	Er eigar og drivar av gard på Taraldset. Meiner forslaget til veglinje ligg godt plassert.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.

31-2				Ber om at det blir lagt opp til ein avkjørsel mot nord for tilkopling av landbruksveg, sjå bokstav N i figur 1 for ønska plassering av avkjørselen.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
31-3				Ber om at det vert lagt opp til avkjørsel mot sør for tilkopling av landbruksveg. Plassering S2 i figur 1 er ønskeleg, alternativt plassering S1.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
32-1	Atle Tomasgard og Solveig Heltne Tomasgard. Gbnr 182/7	31.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	Ønsker god tilkomst og skilting til verksemda deira – Knausen hyttegrend. Dette gjeld også for andre verksemdar i området. Ønsker ikkje 80-sone, spesielt på grunn av støyforhold og busetnad.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
33-1	Ronny Haugen	18.03.2022	Grunneier/privatperson/næringsliv	Har forslag til løysing for kryss ved Tomasgard som han meiner vil løyse utfordring med bru på Tomasgard, grendavegen vil få opprusting og det vil føre til samanhengande GS-veg. Kart som vedlegg.	Innspelet omfattar del 1 og svarast ut i samband med reguleringsplana for Tomasgard - Raftevollen.
34-1	Lars Magne Taraldset	13.11.2024	Grunneier/privatperson/næringsliv	Mottatt på befarig 13.11.2024. Meiner kdp bør opp til ny handsaming. Alt 2 vert ikkje akseptert. Om veggen skal gå på sørsida av dalen er det alt 3 som kan akseptert. Forlangar gjerdehald på begge sider av veggen.	Innspelet tas til orientering.
34-2				Legg ved kart som viser ønska alternativ.	Innspelet tas til orientering.